

"Wittgenstein og eg" synt for kommunestyret

John Havellen og Roland Schwarz synt forestillinga "Wittgenstein og eg" for kommunestyret i Luster torsdag 19. juni.

Kommunestyret var ei svært lydhøyr forsamling, og gav John og Roland ståande applaus etter forestillinga.



John og Roland under forestillinga for kommunestyret.

Forestillinga "Wittgenstein og eg" er ei forteljing om John sitt liv frå oppvekst i Solvorn, via ulike institusjonar i Bergen attende til eit godt liv i Luster. Forteljinga vert kommentert og reflektert over ved hjelp av ulike "skråblikk" henta frå Ludwig Wittgenstein sine verk og hans liv.

Forestillinga er tidlegare synt fram 10-12 gonger ulike stader i Norge og Tyskland.

John Havellen bur i eige husvære i Gaupne, jobbar på Posten, på E-verket og ved ATS. Han er også fast medarbeidar i Radio Luster.

Roland Schwarz er fungerande leiar ved Habiliteringstenesta Helse Førde, og er utdanna sosialpedagog. Han har tidlegare m.a. vore leiar ved ein stor institusjon for utviklingshemma i Tyskland.

Kommunestyret i Luster var ei svært lydhøyr forsamling, noko John også kommenterte under framsyninga: "De er så stille".

John og Roland gjorde ein god innsats, og gav kommunestyremedlemane mykje å tenkja på i løpet av den timelange forestillinga. Ordføraren takka dei etter framsyninga og overrekte gåver.

Neste forestilling vert sett opp i Trondheim etter ferien, og me er viss på at desse to også der vil vera gode ambassadørar for eit godt liv i Luster.

For dei som ønskjer meir informasjon er det å finna annan stad på heimesida, under "ATS" og "På John si side".



Ordføraren introduserer forestillinga. John og Roland ventar konsentrerte og ikkje så lite spente på møtet med kommunestyret.



"Svakhet er en fryktelig last". Roland Schwarz har jobba svært mykje med å laga ei tankevekkjande og spennande forestilling. Her viser han eitt av Wittgenstein sine mange og sterke uttrykk. Knytta til forteljinga om John sitt liv gjev desse uttrykka tilhøyraren nye og heilt uventa perspektiv. Tilhøyraren får kanskje også snudd opp-ned på eigne forestillingar av kva som er "svakheit" og kva som er "styrke".

Ordføraren introduserte for øvrig forestillinga med å fortelja kommunestyret at dette var ein forestilling for sjela, og han bad kommunestyremedlemene gløyma klokka den tida forestillinga varte. Og det gjorde dei.



Ordføraren overrekte gåver til John og Roland.